

# Årsrapport 2018



## Innhold:

- Årsmelding frå styret [side 3]
- Avdelingar og anlegg [side 4-5]
- Formidling [side 6-7]
- Forvaltning [side 8-9]
- Forsking [side 10]
- Økonomi, gåver og sponsorinntekter [side 11]
- Organisasjon [side 12-14]
- Økonomi og administrasjon [side 15-17]
- Opne publikumsarrangement [side 18-19]
- Besøkstabell [side 20-21]
- Resultatrekneskap [side 24-31]
- Revisjonsberetning [side 32-34]

Jærmuseet  
 – møteplassen mellom  
 natur, kultur og teknologi  
 som forvaltar fortida –  
 fangar samtida – formar  
 framtida

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2018

### OM JÆRMUSEET

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet, i dag er Jærmuseet eitt av ti.

Publikum skal oppleva Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande.

Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi, og me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar. Som vitensenter skal Jærmuseet særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrong og samfunnsengasjement, og auka interessa for teknologi og naturvitskap. Den historiske og regionale forankringa som museum inneber at Jærmuseet formidlar naturvitskap og teknologi innanfor historiske og kulturelle rammeforteljingar der installasjonar og eksperiment blir knytt til regionen si historie og næringsliv.



Like før 10-årsdagen til Vitenfabrikken kom Sandnes Sparebank ved adm. direktør Trine Stangeland med ei særst hyggeleg gåve på 3 millionar kroner. Pengane skal bli brukt til å oppgradera planetariet.

Foto: Sandnes Sparebank



Gamlahuset på Grødalaland med tordensky like bak.

Foto: Jærmuseet

## AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2018 driftsansvaret for 63 kulturhistoriske bygningar, 49 338 gjenstandar og 190 693 foto. Det er ein tilvekst på 1748 gjenstandar, 1703 foto og 0,5 hyllemeter privatarkiv.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kvigarden og Audamotlandstunet, og halmluta på Refsnes. I tillegg forvaltar museet ei rekkje bygningar og anlegg i kommunal eige.

Per 31.12.2018 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H-gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle, fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.

- **Science Circus** er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («Vitensenteret Sør-Vest»).
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødalaland og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.
- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune.
- **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.



←  
Ordførar i Randaberg, Kristine Enger, på urtevandring ved Tungenes fyr.  
Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet

→  
Vistnestunet er ein gard frå slutten av 1800-talet. Gjennom året vert det arrangert fleire aktivitetsdagar i samarbeid med Randaberg kommune og fleire lag og organisasjonar.  
Foto: Reidun Irene Bjørdal / Randaberg kommune



Interiør frå Haugabakka.

Foto: Jærmuseet



- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, Randaberg, som òg er ein del av Kystverkmusea /etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** på Bryne, samlokalisert med Time bibliotek.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio**.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, lokalisert i Sømmevågen, Sola.
- **Rogaland Krigshistoriske Museum**, med foto- og gjenstandssamling, Soma/Sola kommune.

Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for **Hå gamle prestegard** til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine ressursar og særlege profil, og arbeida for å utvikla dei ulike lokalitetane sin unike karakter.



Kvia 4H- og museumsgard ligg like ved hovudbygget på Vitengarden. Vitengarden er ein del av vitensenteret Sør-Vest i Jærmuseet.

Foto: Jærmuseet

## «JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING»

Sommaren 2018 viste Garborgsenteret den portugisiske kunstnaren Fernando Martins si utstilling «Papirarbeid». Samstundes utsmykka Martins ein silo på Edland i Gjesdal med ein mosaikk av Arne Garborg.

Foto: Ørjan Zazzera  
Johansen / Jærmuseet



# HOVUDRESULTAT I 2018

## FORMIDLING

Jærmuseet har også i 2018 hatt god utvikling og nådd gode resultat på ulike område.

- Jærmuseet har 13 opne publikumsanlegg, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne. Me har eit godt samarbeid med frivillege, både enkeltpersonar, lag og organisasjonar som ofte hjelper til på ulike arrangement. I 2018 blei det skipa til heile 95 opne publikumsarrangement og aktivitetsdagar med ulike tema på museet sine ulike anlegg! Sjå eige oversyn.
- På mange av anlegga våre har me gode frivillege hjelpearar! På den årlege dugnadsfesten deltok over 90 frivillege.
- 22. mai 2018 var det ti år sidan Vitenfabrikken i Sandnes blei opna for publikum. Same dag opna kulturminister Trine Skei Grande den nye byhistoriske utstillinga «Øglænd i 150». Jonas Øglænd etablerte den første krambua si i 1868, og utstillinga dekkjer heile perioden frå krambu til konsern. Hovudvekta er likevel lagt til perioden då Tempo-syklar, Ø-klede og DBS var ein viktig del av byen sin identitet – «Ø-byen». Dette var Jærmuseet si hovudsatsing i 2018. Vitenfabrikken deltok òg i 17.-mai toget i Sandnes, og inviterte publikum, små og store, til bursdagsfeiring og open dag 30. mai.
- I samband med utstillinga «Øglænd i 150» er det utvikla DKS-opplegg for 5. og 8. trinn.
- Parallelt med denne utstillinga har Vitenfabrikken arbeidd med å utvikla ny matematikkutstilling på *Abelloftet*. Denne opnar i februar 2019.
- Garborgsenteret har i 2018 hatt to temporære utstillingar: «*Papirarbeid*» av den portugisiske kunstnaren Fernando Martins, og broderiutstillinga «*Seks millionar sting*» av tekstilkunstnar Janne Robberstad.
- Tungenes fyr viste kunstutstillinga «*Pharos*» av den greske kunstnaren Yannis Kranidiotis. Utstillinga var eit samarbeid med On The Edge.
- På Vitengarden har ein dette året gjennomført opprustning av fleire element i basisutstillingane, både inne og ute. M.a. er det sett opp ny vindmølle.
- Sola kommune har i hovudsak ferdigstilt den gamle torpedoverkstadene i Sømmevågen til utstillingsformål. Første del av utstillinga om 2. verdskrigen skal opna sommaren 2019.
- I forkant av sesongstarten våren 2018 har det blitt gjennomført eit omfattande arbeid i utstillingshangaren til Flyhistorisk museum. Mange fly har fått ny plassering. Dette førte til betre kronologi i utstillinga.
- I januar blir det arrangert årlege *Garborgdagar* i Time kommune. Garborgsenteret er arena for dei fleste arrangementa, og publikumsoppslutninga viser at dikteren Garborg framleis er relevant.
- I perioden 2016-19 har Jærmuseet prosjektleiaransvaret for eit prosjekt om *Science Capital*. Vitenstyret har sett som eit strategisk mål i perioden at vitensentera skal bidra til å auka familiane si realfagsinteresse. Både på Vitenfabrikken og Vitengarden har ein invitert familiar til å delta på særskilde realfagsaktivitetar, og følgd opp familiane med spørjeundersøkingar i etterkant.
- Jærmuseet legg vekt på å kvalitetssikra utstillingar og publikumstilbod. Også i 2018 er det gjennomført systematisk observasjon av koss publikum brukar utvalde installasjonar i utstillingane. På bakgrunn av observasjonane, er det gjort justeringar for å betra opplevinga til gjestene.
- Gjennom *Makerspace* på Vitenfabrikken har Jærmuseet utvikla eit særleg tilbod til gruppa 13-20 år med økonomisk støtte frå BUF-dir. I 2018



←- Vitenfabrikken inviterte til 10-årsdag med kaker, boller, saft og kaffi. Arrangementsleiar Helle Kristiansen stod for serveringa. Foto: Jærmuseet

→ Jærmuseet var vertskap for den årlege formidlarsamlinga til dei regionale vitensentra. Under samlinga mottok vitensentera Mensa-prisen 2018. Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



hadde me i alt 1411 unike besøk, av dette var 35 % jenter. Mellom ungdommane er det mange ulike nasjonalitetar, og Makerspace er slik sett ein viktig integreringsarena.

- Museet sine ulike avdelingar er og arena for Regional finale i Unge Forskarar og regional Nysgjerrigperdag (Vitengarden), Fordjupingsmeisterskap i norsk for vgs (Garborgsenteret), Mattekonkurransen «Kodeknekkeren» for vgs og First Lego League, (Vitenfabrikken).
- På Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret har ein særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien, med stor oppslutning.
- I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet hatt ansvaret for ferieklubar på Grødaland, Limagarden, Vistnestunet og Vitengarden, i alt åtte veker med om lag 30 barn kvar veke.
- Både Vitenfabrikken og Vitengarden blir i tillegg hyppig besøkt av Fiks Ferige Ferie og SFO-tilbod i ulike kommunar.
- Som regionalt vitensenter har Jærmuseet eit ansvar for å nå ut til skular i heile Rogaland. Når elevane ikkje kan komma til dei faste anlegga våre, får me komma til dei. Jærmuseet sitt omreisande

vitensenter, Science Circus, besøkte i 2018 heile 21 av 26 kommunar i fylket; i alt 94 skular med totalt 14 021 besøkande. Av desse var det 12 627 barn og 1394 vaksne.

- Garborgsenteret tok Garborg ut til skulane, med blant anna formidlingsopplegg om *Garborgløypa* og Haugtussa.
- Til saman i heile Jærmuseet arrangerte me 38 lærarkurs, med totalt 1 058 lærarar som deltok.
- Jærmuseet sitt formidlingssamarbeid med UiS er utvida i 2018, særleg med lærarutdanninga. Me gir formidlingstilbod i historie, mat og helse, energi, programmering, koding og 3D-printing, ulike opplegg for studentane på Master in Energy, Environment and Society og samarbeider om lærarkurs.
- Dessverre gjekk det samla publikumstalet ned i 2018, mest på dei største avdelingane Vitengarden og Vitenfabrikken. Museet hadde likevel nær 180 000 gjester, av dette var vel 50 000 barn og unge i organiserte opplegg.
- Samla besøk på vitensenteravdelingane var 123 211.



←-I utstillinga «Øglænd i 150» kan publikum sjå koss dei tar seg ut i Ø-klær med DBS-syklar frå ulike ti-år.

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet

→ Utstillinga til Science Circus engasjerer elevar ved Bryne vgs.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



Jærmuseet skal leggja samlingane til rette slik at dei kan formidlast og forskast i.

Museet sine samlingar består av gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

## FORVALTNING

- Strategiplanen 2014–2020 har eit hovudfokus på samlingsforvaltning.
- I samband med rehabiliteringa av Solav. 10 fekk Jærmuseet eit moderne *arkivmagasin* på 144 m<sup>2</sup>.
- På statsbudsjettet for 2016 fekk Jærmuseet 18,8 mill. i statlege tiltaksmidlar for å bygga *underjordisk magasin* på Vitengarden. I tillegg har Jærmuseet gått inn med ein betydeleg eigendel. Byggearbeida var i hovudsak ferdige seinhausten 2018. Innflytting vil ta til over sommaren 2019.
- Magasinbygget er del av eit samla prosjekt med bygging av magasin- og administrasjonsbygg. I løpet av 2018 blei grave- og støypearbeida for administrasjonsbygget også sett i gang. Byggeperioden er forventa avslutta innan utgangen av januar 2020.
- På statsbudsjettet for 2017 fekk Jærmuseet nye 4 mill. i til ulike vedlikehaldsprosjekt på Vitengarden og Audamotland. Fleire av prosjekta blei gjennomført i 2018: Lydisolasjon og lyddemping over arbeidsplass i resepsjonen, og Helan&Hard har utarbeida skisser til utviding av kjøkken. Arbeidet vart sett i gang i desember.
- Jærmuseet har dei siste åra lagt stor vekt på å sikra dei *antikvariske bygningane* mot innbrot og brann. I 2018 blei det installert vasståkeanlegg i heimahuset og tradisjonell sprinkling i uthusa på Audamotland. Garborgheimen sitt gamle sprinklaranlegg skal erstattast av eit vasståkeanlegg. Det er prosjektert og finansiert og blir installert våren 2019. Dessutan er det prosjektert og delvis finansiert installering eller renovering av innbrottsalarmar i fire bygg/anlegg og brannalarm i eit anlegg. Alle desse blir venteleg fullfinansiert og installert våren 2019.
- Det blei gjennomført eit omfattande vedlikehaldsarbeid på *Tungenes fyr*. Delar av kledninga på fyrbygningen, uthuset og maskinhuset blei bytta ut. Garasjen fekk nytt tak, nye låsar og ny kledning på dørene. Alle bygga blei måla.
- Det er sett i gang eit større vedlikehaldsprosjekt på *Sjøbruksmuseet* i Tungevågen. Lokalet skal nyttast til nytt visningssenter for oppdrett.



← Samlingsteamet var med og registrerte Øglændsamlinga i januar.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet

→ I november var det kranselag for nytt, underjordisk magasin på Nærbo. I kranselaget spelte Kjell Gudmestad til traktormotor.

Foto: Tormod Aass Nesheim / Jærmuseet



- Årleg blir det utført mange mindre vedlikehaldsreparasjonar, vasking og maling. Alle bygg/anlegg /tekniske installasjonar har periodisk tilsyn, og tilsyn etter ekstremvær. Det er teikna serviceavtalar for alle tekniske anlegg der slike krevst.
- På den freda *Tranegården* er det fleirårige restaureringsprosjektet godt i gang. Alle tiltaka skal godkjennast av fredningsstyresmaktene. Undersøking av tapetlaga i storstova har avdekket eit tapet som etter ekspertane si meining kan vera det eldste, kjente papirtapetet i Norge. Det er produsert i Tyskland eller Frankrike rundt 1730.
- Jærmuseet har mange privatarkiv frå ulike bedrifter i regionen. I 2018 tok me i bruk arkivprogrammet ASTA og registrerte bedriftsarkiva frå dei tre største reiskapsbedriftene (Kvernelands Fabrikk AS, Underhaugs Fabrikk AS og Kyllingstad Plogfabrikk AS) i Asta, for å publisera desse på Arkivportalen. Til prosjektet fekk Jærmuseet 150 000 kroner i utviklingsmidlar frå Arkivverket.
- I samband med *Øglændutstillinga* blei både gjenstandar, foto og arkivmateriale registrert, revidert eller listeført. Storparten av gjenstandssamlinga, 1775 objekt, er registrert og over 60 % av desse er publisert på Digitalt museum.
- Torbjørg Sægrov, som gjennom tjuve år har samla systematisk på keramikk produsert av *A/S Graveren Teglværk*, Sandnes, overførte i 2018 samlinga til Jærmuseet. Samlinga omfattar om lag 1450 gjenstandar. Ved utgangen av året er 793 objekt registrerte, og 579 objekt publiserte på Digitalt museum med foto. Prosjektet held fram i 2019.
- I samsvar med gjeldande museumsplan for Rogaland har musea i fylket gått gjennom, revidert og tilstandsvurdert *radiosamlingane* sine. Jærmuseet har 30 radioar med i prosjektet som etter planen skal sluttførast våren 2019.
- Utstillinga *Mat og handverk* på Vitengarden blei tatt ned for å gi plass til utstillinga Sauen og gjetaren. Alle gjenstandar blei fotografert og revidert i Primus.
- I samband med Nasjonalbiblioteket si AV-undersøking hausten 2018, gjekk Jærmuseet gjennom samlingane av *audovisuelle materiale*. Per i dag har me 1336 opptak av AV-materiale.
- Jærmuseet har arbeidsgjevaransvaret for *Samlingsteam Rogaland* som arbeider med registrering av samlingane til alle regionmusea i Rogaland og Norsk Oljemuseum. Prosjektet er finansiert av Rogaland fylkeskommune og går ut 2019. I 2018 handsama teamet 16 408 objekt. Frå prosjektstart i 2014 til utgangen av 2018 har teamet registrert 65 303 objekt.
- Jærmuseet har skaffa seg ein ny traktor av typen *Deutz D30*. Traktoren er restaurert av teknikar Endre Ueland til køyrbar stand. Han har også renoverert ein Lanz Bulldog 1306 som nå har fått plass i utstillinga «Traktorliv».
- Jærmuseet forvaltar òg levande samlingar. Buskapen på Vitengarden inkluderer gamle husdyrrasar som vestlandsk raukoll og jærhøns.

## ANDRE PROSJEKT

- *Visningscenter*: Fiskeridirektoratet har innvilga Bremnes Seashore sin søknad om visningskonsesjon. Dette inneber at Jærmuseet og Bremnes skal setta i gang arbeidet med eit visningscenter for oppdrett. Dette skal etter planen opna i 2020.



Glimt frå samlinga frå Torbjørg Sægrov. Serviset t. h. er laga på 1930-talet då Ragnar Grimsrud var kunstnerisk leiar og formgjevar. Johannes Dale laga dekoren. T.v. er nyare fat knytta til Nils A. Sivertsen. Han var tilsett på Graveren frå 1959 til 1966 og er designar for både form og dekor.

Foto: Kirsten T. Hetland, Elisabeth Tungland / Jærmuseet



Jærmuseet skal driva forskning og kunnskapsutvikling med vekt på samtid og nær fortid, og auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen.

## FORSKING

- Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen. I løpet av dei siste åra har to medarbeidarar fått godkjenning som «konservator NMF».
- Ein medarbeidar er i gang med doktorgrads-prosjekt ved UiA. Dette er del av eit internasjonalt forskingsprosjekt om «Miljøgiftenes kulturhistorie 1850–2020». Vår medarbeidar vil studera «Plantevernmidde i jærsk jordbruk – kunnskapsproduksjon, normdanningsprosessar og personlege erfaringar, 1930 til 2010».
- Jærmuseet har deltatt i Litteraturnettverket sitt tre-årige forskingsprosjekt om minnepolitikk. Artikkelsamlinga *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* vart ferdigstilt i 2017 og utgitt på Samlaget i 2018. Vårt bidrag handla om Knudaheio som minnestad.
- Artikkelen «Veikryssset i havet» om losstasjonen på Kvitsøy blei fagfellevurdert og publisert i tidsskriftet *Heimen* i april.
- «*Sauen og gjetaren*»: Sidan 2015 har Jærmuseet samtidsdokumentert sauehaldet i regionen. Målet er å undersøka status for heieføringa og gjetinga i Sør-Rogaland. I prosjektet har Jærmuseet m.a. samarbeid med filmkunstnaren Anne Helen Robberstad, med NMBU (avd. Høyland) og folk i næringa. Materialet skal m.a. formidlast i ei ny utstilling som opnar på Vitengarden i mai 2019.
- I 2018 starta Jærmuseet opp forskingsprosjektet «*Backfire: Norske Militærflyulykker under den kalde krigen*», i samarbeid med UiS. I perioden 1950–1989 omkom 199 militærflygarar i 161 fatale flyulukker. Noko materiale er allereie publisert i fleire populærvitskaplege artiklar.
- Det faglege samarbeidet med UiS er elles styrka. Mellom anna er ein av våre konservatorar engasjert som sensor i historie.
- Jærmuseet har starta opp eit dokumentasjonsprosjekt om «*Humleoppdrett*». Her har me intervjuar personar som var med å starta opp organisert humleoppdrett i Norge. Ein innleigd fotograf dokumenterer arbeidsprosessane i dag.
- Science Circus har vore rettleiar for ein masterstudent i matematikk-didaktikk frå UiA som har undersøkt læring i vitensenter.



I september gjennomførte Flyhistorisk Museum Sola ei krigsveke for lærarstudentane på Samfunnsfag 2, UiS. Krigsveka gjekk over fem dagar og bestod blant anna av ni forelesingar, fire miniforedrag og fire ekskursjonar til krigshistoriske plassar i Solaområdet. Her får studentane ei orientering om minene på jærstrendene under krigen.

Foto: Sondre B. Hvam / Jærmuseet

Jærmuseet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

## ØKONOMI, GÅVER OG SPONSOR-INNTEKTER

### Gåver og sponsormidlar

Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemdar i regionen, og museet held fram med å vera attraktive på sponsormarknaden. Me har opplevd ei jamn oppgang i gåver, sponsor- og prosjekttilskot dei to siste åra. Dette er viktige bidrag til drifta og blir rekna inn i eigeninntektene.

Heile sju bedrifter har i løpet av 2018 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 7 607 500, mot 7 316 709 kroner i 2017. Desse er Equinor, Forus Næringspark, Sandnes Sparebank, Vår Energi, Lyse, Exxon Mobil og Sparebankstiftelsen SR-Bank.

*Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, eller på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!*



Dette er Sandnes jernvarefabrikk, «Sinken» som starta i 1900. Dei laga galvaniserte bøtter og spann. I 1974 blei bedrifta kjøpt opp av Jonas Øglænd. Då var ikkje bøttene lenger interessante, men eit anna produkt, kabelbanar, blei suksess for Øglænd. I dag er Jonas Øglænd AS historie, men bedrifta Øglænd System med nye eigarar er dei som ber namnet vidare. Øglænd System var ein av hovudsamarbeids-partnarane til utstillinga «Øglænd i 150».

Foto: Jærmuseet



Faksimile frå Jærbladet i samband med den teknologiske skulesekken. Eit landsdekkande prosjekt der Jærmuseet har eit særleg ansvar for Rogaland.



←Ivar Reed Nakken er mannen som starta Science Circus, som i over 20 år har drive med oppskjande realfagsformidling. I 2018 vart han heidra med Kongens fortjenestemedalje for arbeidet sitt.

--> Kjell Sele er den som har brukt utallege timar på å setja Sivertsen-klokka i stand. I november kunne han og John Ståle Høyland henga den opp att i Langgata .

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



## ORGANISASJON

Pr. 31.12.2018 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

### Styret

Endre Skjørestad, styreleiar  
 Eli Ulveseter  
 Ingve Berntsen  
 Frode Fjeldsbø  
 Jonas Skrettingland, nestleiar  
 Torbjørn Hovland  
 Kristine Enger  
 Stanley Wirak  
 Kari Vevatne  
 Staale Grude Haaland  
 Helle Solberg Kristiansen  
 Gjertrud Marie Jensen

oppnemnd på fritt grunnlag  
 oppnemnd på fritt grunnlag  
 Rogaland fylkeskommune  
 Gjesdal kommune  
 Hå kommune  
 Klepp kommune  
 Randaberg kommune  
 Sandnes kommune  
 Sola kommune  
 Time kommune  
 tilsett  
 tilsett

### Vara:


Torleiv Bilstad  
 Anne Woie  
 Ingvald Erga  
 Espen Aaserud Karlsen  
 Mons Skrettingland  
 Torunn Austdal Rasmussen  
 Gunhild Vårvik Tangeland  
 Annelin Tangen  
  
 Brigte Åge Høyland  
 Sigbjørn Stangeland  
 Odd Kjetil Liland



I samband med Øglænd i 150, har både Torbjørn Sæggrov, Beate Øglænd og Jan Erik Holmen, vore faste guidar i utstillinga kvar helg og fortalt sine eigne historier om Øglænd til gjestene.

Foto: Helle Kristiansen / Jærmuseet

## Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2018



AVDELINGAR	2017	%	2018	%
Fellestjenester (inkl samling)	11,9	16 %	9,9	14 %
Vitengården	19,8	26 %	18,1	25 %
Vitensfabrikken	28,7	37 %	27,3	38 %
Garborgsenteret	6,1	8 %	6,6	9 %
Tungenes fyr	1,9	2 %	1,9	3 %
Hå bygdemuseum	1,5	2 %	1,2	2 %
Gjesdal bygdemuseum	1,7	2 %	1,6	2 %
Klepp bygdemuseum	0,6	1 %	0,2	0 %
Randaberg bygdemuseum	1,3	2 %	1,3	2 %
Flyhistorisk og Krigshistorisk	1,7	2 %	1,7	2 %
Science Circus	1,7	2 %	2,1	3 %
(med fråverstimar)	77,0	100 %	71,9	100 %

### Årsverk

Jærmuseet hadde i gjennomsnitt i 2018 75,6 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp og Samlingsteam Rogaland. 62,9 av årsverka er faste og mellombels tilsette. 12,7 årsverk er vertar og timeløna ekstrahjelp. Eitt av årsverka er lærling i hage- og anleggsgartnerfaget. I tillegg har det vorte utført 0,5 årsverk av innleigd arbeidskraft for avdelinga Science Circus, samt at 4,6 årsverk er utført av frivillige. I gjennomsnitt fekk 134 personar regelmessig løn eller honorar frå Jærmuseet i løpet av året, medan det blei sendt ut i alt 239 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 47 år for faste og mellombels tilsette, og 23 år for vertar/timeløna. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba, og kva oppgåver ein har arbeidd med.

### Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system og nyttar elektronisk post

og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngående og utgåande faktura, timeregistrering, ordrestadfestingar og anna.


### Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 68 faste og mellombels tilsette pr. 31.12.2018 er 44 kvinner og 24 menn. Rekna i årsverk er det 39 årsverk kvinner og 23 årsverk menn. 65 % av vertane er kvinner. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fem kvinner og sju menn, inkludert styreleiar.

### Arbeidsmiljø og sjukefråver

Jærmuseet har vore IA-bedrift i perioden 2011-2018. Sjukefråværet blant faste og mellombels tilsette har vore forholdsvis høgt i 2018, 6,1 %. Det fordeler seg på 1,4 % eigenmeldt, 1,1 % sjukemeldt og 3,6 % langtidsfråver. Langtidsfråveret utgjer 2,3 årsverk. Fråveret blant vertar er på 1,5 %, kor 1,2 %

## Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2017	%	2018	%
ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT	14,4	20,4 %	13,1	20,1 %
DRIFT AV BYGG OG KAFE	21,6	30,8 %	18,1	27,7 %
FORMIDLING	24,7	35,0 %	23,6	36,1 %
NYE UTSTILLINGAR	3,8	5,5 %	4,3	6,5 %
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	5,9	8,3 %	6,3	9,6 %
<b>TOTALE ÅRSVERK</b>	<b>77,0</b>	<b>100 %</b>	<b>65,4</b>	<b>100 %</b>
Fråver	6,6		6,4	



← Stortingsrepresentantane frå Høyre, Alexander Stokkebø og Margret Hagerup var på besøk på Vitenfabrikken saman med Høyre-politikarar frå Sandnes.

↓ Jærmuseet har søkt saman med Norsk Oljemuseum om å få arrangera den Europeiske vitensenterkonferansen, Ecsite, i 2021. Representantar frå Ecsite var i januar på visningsstur, som vart avslutta med ein helikoptertur over Jæren og inn Lysefjorden.

Foto: Jærmuseet



er eigenmeldt og 0,3 % er sjukemeldt fråver. I tillegg har det vore 2,9 årsverk i foreldrepermisjon i løpet av året. Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar månad.

Arbeids- og miljøutvalet består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU. Museet har skriftlege retningsliner for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold.

### Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

### Planar vedtatt av styret

I løpet av 2018 har styret handsama og vedtatt revidert forskingsplan (2018–2020) og oppdatering av sikringsplan. Jærmuseet har elles ein overordna strategiplan, formidlingsplan, formidlingsplan for barn og unge, marknadsplan, innsamlingsplan, plan for registrering og katalogisering og bevaringsplan.

### Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak/planar blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Men mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringsmidlar dersom desse skal fylla krava om universell utforming. Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningsliner for universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

Stian Ravndal og Ørjan Johansen tek imot Chinese Association in Rogaland, som besøkte Garborgsenteret og Knudaheio.

Foto: Chinese Association in Rogaland



## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

### Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I 2018 opplevde Jærmuseet ein tilbakegang i besøk for første gong på mange år. Nedgangen i besøkstalet fekk konsekvensar på fleire av dei kommersielle områda. Salsinntektene, som består av butikk og kafe, gjekk ned med 15 %, medan billettinntektene blei redusert med 27 %. Samstundes er bedriftsmarknaden i god vekst, og me opplevde ein auke i arrangement og utleige på 14 %.

### Kostnader

Dei totale kostnadane gjekk opp 6 % i 2018, noko som i hovudsak skuldast at me starta ei større oppgradering av planetariet på Vitenfabrikken som har eit totalbudsjett på omtrent 6,5 mill. Nedgangen

i driftskostnadar bygg/anlegg skuldast at me har ferdigstilt restaureringa av Audamotland i løpet av 2018. Dette er eit prosjekt som i hovudsak har vore finansiert av tiltaksmidlar frå Kulturdepartementet, og har hatt ei total budsjettframe på mest 6,5 mill. Personalkostnadane har auka med 1,5 % frå 2017. Dette skuldast i hovudsak at me hadde eit dyrt lønsoppgjer for 2018. Talet på årsverk er i sum redusert med omtrent 2 frå 2017, noko som er i tråd med måla om ei meir effektiv drift og redusert andel lønskostnadar. Denne ligg på 61 % for 2018, noko som er ned 3 % samanlikna med 2017.



Kode- og brettspelfestivalen på Vitenfabrikken vart arrangert i samarbeid med Equinor.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

Vitengarden har mykje utleige, både til åremål, bryllup, konfirmasjon og dåp. Her er borda dekkja og klare til å ta imot selskapsgjester.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet



Jærmuseet nyt framleis godt av ein felles bankavtale med Hå kommune. Finansinntektene gjekk noko opp samanlikna med 2017, og me hamna omtrent 100 000 kroner betre enn budsjettet.

### Finansiell risiko

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finansielle risikoen som låg på nåverande tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbeholdning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpande pliktene. Me har ei framtidig utfordring med tanke på pensjonsmassen, men museet vil jobba mot å reformera pensjonsordninga i løpet av dei neste åra. Samstundes vil me i løpet av 2019 og 2020 ferdigstilla nytt underjordisk magasin og nytt administrasjonsbygg. Hovuddelen av desse er finansiert via Kulturdepartementet og Hå kommune, men Jærmuseet går inn med ein betydeleg sum av egne midlar. Me har dei siste åra sett av 8 mill. av eigenkapitalen til magasinbygget, ytterlegare 8,3 mill. er planlagd avsett til administrasjonsbygg, herunder 3 mill. av årets resultat. Dette er ein betydeleg del av den frie eigenkapitalen i Jærmuseet, og vil gje vesentleg mindre handlingsrom dei neste åra.

Samstundes opplever me effektivitetskutt frå staten for femte året på rad. Me ser også at me er veldig sårbare i forhold til nedgang i besøkstal, der eit høgt nivå på eigeninntekter er avhengig av stabile, høge publikumstal.

### Framleis drift

Årsrekneskapen for 2018 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit godt handlingsrom, men fleire år med manglande kompensasjon for pris- og lønsvekst i offentlege tilskot svekkar på sikt finansieringsgrunnlaget. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

### Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2018 og økonomisk stilling ved årsskiftet.

Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på 3 095 679.

--> Tusenvis samla seg på Tungenes for å sjå utseglinga til Tall Ships Races.

Foto: Anders Jaarvik / Randaberg kommune


Kjøkkenpersonalet tilpassar serveringa til ulike tilstellingar. På opninga av Øglænd-utstillinga tok ein utgangspunkt i historiske jubileumsmenyar hjå Øglænd.

Foto: John Olaf Grimstvedt / Jærmuseet



## Fordeling av inntekter 2018

Sponsormidler og prosjektmidler gjeld berre brukte midlar i 2018. For mottekne midlar i 2018, sjå årsrekneskapen note 3.



Nærbø, 21. februar 2019

 Endre Skjørestad  
 Styreleiar

 Ingve Berntsen

 Kristine Enger

 Frode Fjeldsbø

 Staale Grude Haaland

 Torbjørn Hovland


 Gjertrud Marie Jensen

 Helle Kristiansen

 Jonas Skrettingland

 Eli Ulveseter

 Kari Vevatne

 Stanley Wirak

 Målfrid Snørteland  
 Direktør

## OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2018

- i regi av Jærmuseet

### Vitenfabrikken

12.02-16.02	Vinterferieaktivitetar med Høy(t)trykk	23.09	Byvandring med Jan Erik Holmen
15.03	Amnesty-kvelden 2018	29.09	Forskningsdagene: open dag og mølledag
17.03	Kulturskoledager PULS	8.-12.10	Haustferieaktivitetar med detektivverkstad
19.03	Aktivitetsdag: Mattemoro	19.10	Koding- og brettspillkveld
25.03-04.04	Gule påskeaktivitetar	20.-21.10	Barnas Kode- og brettspillfestival
10.04	Hjerne for kunst	24.10	Foredragskveld: Øglænd i 150!
18.04	Foredragskveld: Øglænd i 150!	28.10	Aktivitetsdag: Svigermordagen
24.04	Foredrag: Kjetil Fallan – Norwegian Wood	3.11	Barnas Ingeniørdag
17.05	Folketoget i Sandnes: Øglænd i 150!	4.11	Litteraturdagene Sandnes: detektivverkstad
22.05	Utstillingsopning: Øglænd i 150!	7.11	Schizofrenidagene 2018: Når opprøret vendes innover
30.05	Open dag og 10-års bursdagsfeiring	10.11	Regional finale i First Lego League
16.06	Barnas By – reparasjonskafè	Kvar helg	Juleverkstad
		i desember	
Juni/juli	Sommarprogram		

### Vitengarden

